



## MØTEBOK

### Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 14.03.2019

Klokka 09.00 – 15.30

Stad: Bygdahuset, Granvin

#### Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordførar Anved Johan Tveit
Granvin herad:	Ordførar Ingebjørg Winjum
Jondal kommune:	Ordførar Jon Larsgard
Odda kommune:	Ordførar Roald Aga Haug
Kvam herad:	Ordførar Jostein Ljones - Rådsvaraordførar
Ullensvang herad:	Varaordførar Kåre Grønsnes
Ulvik herad:	Ordførar Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsordførar
Hardangerrådet iks:	Styreleiar Toralv Mikkelsen, styrenestleiar Astrid Dale Vindal
Rådmannsforum:	Rådmann Thore Hopperstad
Administrasjonen:	Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo
Forfall:	Ordførar Solfrid Borge, Ullensvang herad

#### Agenda:

09.00 – 11.30 Sakshandsaming

11.30 – 12.30 Orientering:

Nasjonale turistvegar.

v/ Therese Ruud

12.30 – 13.00 Lunsj

13.00 – 14.00 Årsmøte Hardangerrådet iks vert utsett til torsdag 11. april 2019.

14.00 – 15.30 Orienteringar:

Hardcruise

v/ Hans Parnefält

Sosialt entrepenørskap - nye muligheter

v/ Hilde Dalen og Ingvild Sperrevik

#### Orienteringar:

**Nasjonale turistvegar** v/Therese Ruud

Prosjektperiode fram til 2023.

Trafikale utfordringar ved Låtefoss.

**Hardcruise** v/ Hans Parnefält

“Slow-cruise” 7 døgn i Hardangerfjorden med heilelektriske skip.

**Sosialt entrepenørskap - nye muligheter** v/Hilde Dalen og Ingvild Sperrevik

## Innkalling og sakliste vart godkjent.

**Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordførar:**  
Roald Aga Haug Kåre Grønsnes

**Saker til handsaming i Regionrådet:**  
Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

## Saker til handsaming:

**HR-sak** 08/19 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 14/19.

- Førebuing til møte med Hordalandsbenken 26. mars
- Møte med Domstolkommisjonen 27. mars

HR-sak 09/19 Meldingar

Vedtak:

Meldinga vert teken til vitande.

**HR-sak 10/19 Hardangerrådet - Selskapsavtale frå 2020 etter vedtak i fellesnemnda i Voss herad.**

Drøfting

Orientering frå Ingebjørga Winium og Hans Erik Ringkiøb:

Voss herad vil samarbeida mot Hardanger og andre regionar. Det er ønskje frå Voss å utgreia alternative samarbeid også mot Indre Vestland og dermed samarbeid mot Sogn regionråd.

Ny kommunelov utløyer behov for å vurdera alternative selskapsformer for eit framtidig samarbeid.

Hardangerrådet har pr. no ikkje ein tilrådd selskapsavtale frå 2020.

Kommunar som vert endra kan i løpet av 2020 melda seg ut av Hardangerrådet med 6 månaders frist.

Dei øvrige forheld seg til selskapsavtalen. Det er uklarheit i om dette skal gjelda alle kommunane i samarbeidet. Jfr. rundskriv frå KS frå mars 2017.

Rådet må drøfta kva samarbeid ein ønskjer for framtida.

Voss herad ønskjer eit samarbeid med Hardanger, men vil koma tilbake til forma eit slikt samarbeid skal ha.

Forslag om å oppretta eit interimstyre bestående av Hardangerrådet, Voss herad og Sogn regionråd for å utgreia kva ein kan samarbeida om. Interimstyret skal vurdera alle aktuelle regionale samarbeid som kan vera aktuelle for framtida.

Kan Voss herad tiltre som medlem i Hardangerrådet ved å overta Granvin herad sine rettar og plikter?

Når arbeidet starta opp var det eit mål å unngå at ein frå 2020 vert eit mindre regionalt samarbeid i ein større region.

Kva type samarbeid ein ønskjer må konkretiserast.

Forslag om å justera fordelingsnøkkelen i samsvar med ny kommunestruktur. Dette gjev oss tid til å utgreia kva type samarbeid ein ønskjer og kva regionar/kommunar det er naturleg å inkludera i eit nytt regionalt samarbeid. Hardangerkommunane vil ha eit sterkt politisk samarbeid. Det er no nye regionale samarbeid vert danna og vi må nytta det momentum som er her no.

**Vedtak:**

Hardangerrådet tilrår at rådet vert vidareført slik det er i dag for året 2020. Ullensvang kommune og Voss herad overtek eigarskapet i Hardangerrådet som Jondal, Odda, Ullensvang og Granvin har i dag.

Det vert sett ned eit interimstyre som har som oppgåve å utgreia samarbeid/samarbeidsform i regionen etter 2020. Interimstyret skal invitera til eit breitt samarbeid med regionane kring oss.

Hardangerrådet ber om at fellesnemnda i Voss herad og Ullensvang kommune gjer vedtak om å overta dei tidlegare kommunane sine rettar og plikter i Hardangerrådet for 2020.

Oppseiingsfrist frå Hardangerrådet iks vert endra frå 8 mnd til 6 mnd.

**HR-sak            11/19 Tilbakeføring av støtte til Filmlocationsamarbeid Hallingdal - Hardanger.**

**Vedtak:**

Hardangerrådet tilbakefører støtte til filmlocation Hallingdal - Hardanger, kr 400.000 til "restmidlar regionalt næringsfond Hardanger".

**HR-sak            12/19 Turistbåtruta på Hardangerfjorden  
Plan for spleiseland. Statusoppdatering i saka vert lagt fram i møtet.  
Drøfting**

Orientering frå administrasjonen vedr. utfordringar frå Skyss ift. spleiseland for å oppretthalda turistbåtruta på Hardangerfjorden.

Ruta bør kunne verta kommersiell på sikt.

Kan vi strekkja oss til å betala 20% av det førespeglia tilskotsbehovet på omlag 3 mill?  
Fjord Tours viser til 4 tema som sel denne ruta:

- Vøringsfossen
- Trolltunga
- Sider/sidervandring i Ulvik

- Folgefonna Sommarskisenter

Kva er politisk nivå sitt syn på kor stor lokal andel ein har føresett i vedtaket?  
Kan det gjevast garanti for billettkjøp?

Det er kommunane og næringslivet som må løyva beløpet. Omlag 500.000 samla pr. år.

**Vedtak:**

Uttale til Skyss:

Hardangerrådet vil på vegne av kommunane og næringslivet i regionen signalisera ein ambisjon om å bidra i spleiselaget for turistbåtruta på Hardangerfjorden i perioden 2020 - 2024 innanfor ei max-ramme på kr 500.000 pr. år.

Garanti for beløpet krev handsaming i kommune/heradsstyra og det krev derfor noko meir tid. Vi vil koma tilbake med stadsfesting av kommunale vedtak når desse er gjorde.

Kommunane/herada vil ivareta ansvaret for alle kaiar og tilhøyrande fasilitetar også i framtida.

Hardangerrådet oppmodar Skyss om å leggja tilrette for justeringar av ruteopplegg og sesongavgrensingar som kan betra lønsemda i ruta.

**HR-sak            13/19 Søknad om støtte til Norsk Hydrogensymposium 2019**

Støtten vert basert på at dette kan utvikla seg til arbeidsplassar i regionen.

Framtidig hydrogensatsing

**Vedtak:**

Hardangerrådet løyver kr 50.000 i støtte til Norsk Hydrogensymposium 2019.

Løyvinga vert finansiert frå "Restmidlar regionalt næringsfond".

Hardangerrådet gjev støtte til denne satsinga i ein oppstartsfasa og ser det som eit grunnlag for støtte at dette på sikt vil generera nye arbeidsplassar i regionen.

**HR-sak            14/19 Orienterings- og drøftingssaker**

- Førebuing til møte med Hordalandsbenken 26. mars
- Møte med Domstolkommisjonen 27. mars
- Tilbakeføring av areal ved Bu museum

**Møteboka godkjent 14.03.2019.**

Hans Petter Thorbjørnsen  
Rådsordførar

Rådsmedlem  
Roald Aga Haug

Rådsmedlem  
Kåre Grønsnes